



FORSKRIFT TIL ORDENSREGLAR FOR LEIKANGER BARNESKULE

Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida, på skulevegen, på skulen sine turar, på leksehjelp og ved skulen sine arrangement.

Målsetjing: Leikanger barneskule skal vera ein triveleg stad å vera for alle. Dette gjeld både elevane og dei tilsette. For å få dette til, må alle vera med og ta ansvar både for seg sjølve, kvarandre, romma i skulebygningane og uteområdet. Skulen skal ha nulltoleranse for mobbing og krenking.

Dette inneber:

1. Tilhøva i og omkring skulen.

- Å visa god folkeskikk
- Å ikkje banna, bruka krenkande ord og uttrykk til andre.
- Å ta omsyn til andre. Dei eldste må kjenna ekstra ansvar for dei minste.
- Å ta godt vare på undervisningsmateriell og leggja ting tilbake på plass etter bruk.
- Å halda orden i skulesakene og å gjera heimearbeidet til rett tid.
- Å vera ute av klasseromma i friminutta.
- Å ikkje ha med ting på skulen som kan føra til uro og mobbing. Det er ikkje tillate å ha med mobiltelefon, MP3-spelar, iPad, nettbrett, smartklokker, smartklokker eller liknande på skulen.
- I spesielle tilhøve kan elevar ha med mobiltelefon og smartklokke. Det må då gjerast avtale mellom elev/føresette og lærar. Mobiltelefonen og smartklokka skal vera avslegen heile skuledagen. Inn- og utsamtalar mellom elevar og foreldre / føresette skal gå gjennom skulen sin telefon.
- Å ikkje ha med verdisaker og eigne ting som ein ikkje treng på skulen. Skulen har ikkje erstatningsansvar her.
- Å fylgja eigne reglar for bruk av PC og iPad.

2. Helsemessige og hygieniske tilhøve.

- Å tørka skikkeleg av seg på beina før ein går inn.
- Å plassera ytterklede, luer og skor på tilvist plass utanfor klasserommet.
- Å bruka inneskor inne i klasseromma.
- Å ikkje bruka snop og tyggjegummi i skuletida.
- Å bruka bosbøttene til alt avfall.

3. Førebygging av ulukker.

- Å fylgja trafikkreglane til og frå skulen.

- Å plassera sykkel, sparkesykkel, rullebrett, ståhjuling, spark, kjelke og stort akebrett på tilvist plass. Dette skal ikkje brukast i skuletida. Rulleskor er ikkje tillate i skuletida.
- Å sparka fotball berre på fotballbana.
- Å bruka hjelm når ein skal sykla eller gå på skøyter i aktivitetstimar.
- Å bruka verneutstyr på hovudet, albogane, handledda og knea ved bruk av rulleskøyter. Rulleskøyter er berre tillate brukt på tilvist plass.
- Å halda seg på skulen sitt område i skuletida. Dersom nokon skal forlata skulen i skuletida, må han/ho ha avtalt dette med læraren sin.
- Å kasta snøball berre på oppsett blink.
- Å be om hjelp frå vaktmeister eller vakt viss ballar hamnar på taket eller utanfor skulen sitt område. Det er ikkje lov til å klatra på bygningane.
- Ved sykling til og frå skulen må elevane bruka hjelm.

4. Fritak og fråvere.

- At foreldra må registrera og grunngje alt fråvere i Visma Flyt Skule. Alle typar fråvere skal vera med her. -Også timefråvere og forseintkoming.
- Ved søknad om fri for meir enn tre skuledagar må foreldra logge seg inn i Visma Flyt Skule og sende inn søknad via fana søknader.
- At elevar kan bli plasserte i andre klassar viss ein av ulike grunnar ikkje kan delta i fellesarrangement, eller viss utstyr til kroppsøving, symjeopplæring eller anna uteaktivitet manglar.

5. Konsekvensar ved regelbrot.

Før tiltak vert sette i gang, har eleven rett til å uttala seg.

Kollektiv straff er ikkje tillate.

Konsekvensar kan vera:

- Samtale med lærar, kontaktlærar, inspektør eller rektor.
- Melding heim, munnleg eller skriftleg.
- Bortvising frå område dersom ein har laga uro eller ikkje teke omsyn til eigen eller andre sin tryggleik.
- Inndraging av friminutt. Heimen får melding viss dette må gjerast gjentatte gonger.
- Bortvising frå time og eventuell plassering i andre klassar. Dette gjeld også i samband med konsertar, turar og andre liknande arrangement. Heimen får melding om dette.

- Attsitjing etter skuletid. Dette skal mellom anna gjerast ved snøballkasting utanom oppsett blink. Heimen skal ha melding før gjennomføring.
- Lærar tek vare på ting det ikkje er lov til å ha med på skulen eller som uroar i timane, m. a. mobiltelefon. Slike ting kan bli inndregne ut skuledagen.
- Dersom tryggleiksutstyr ikkje vert nytta, vert eleven fråteken gjeldande aktivitet resten av dagen.
- Ved alvorlege regelbrot som går på krenking, mobbing og trakassering, vert desse handsama i samsvar med handlingsplan mot mobbing. Gjeld også det digitale området.
- Rektor kan gjera vedtak om bortvising frå einskildtimar eller for resten av dagen. Ved bortvising for resten av dagen, skal dei føresette varslast før tiltak vert sette i verk.
- Elev / føresette kan bli gjort økonomisk ansvarlege for inntil 6000 kr dersom medelevar, personale eller skulen sin eigedom med overlegg vert skada eller øydelagt.
- Alvorlege hendingar og skadeverk vil bli melde til politiet.

Røyking og bruk av andre rusmidlar på skulen sitt område er ikkje tillate.

SU 13.04.2021 Godkjent